**KOMMUNEDELPLAN FOR SJØ OG STRANDSONA – Osterøy kommune**

**MERKNADSSKJEMA – OVERSIKT OVER INNKOMNE MERKNADAR.**

**Vedlegg 8 av 19**

| Journalpost | Avsendar | Område/gnr | Merknad | Kommentar |
|---|---|---|---|---|
| 16/7262 | Statens vegvesen | | Vurderar at planen i stor grad ivaretar deira interesser. Har fylgjande merknadar:<br>- Må påreknast utbetring etter dagens tekniske krav ved nye eller utvida bruk av eksisterande avkjørslar.<br>- Føresegn § 1.1 vert rådd tilendra enten som retningslinje eller teken inn med anna ordlyd.<br>- Rår til å ta inn maksimum dekning på p-dekning til småbåthamn og at det vert teken inn sykkelparkering. | - Tatt til vitande<br>- Føresegn endra<br>- Tatt inn i føresegnene |
| 16/7741 | NVE | | - Positivt med innarbeid omssynsone rundt vassdrag.<br>- Omsynssone manglar rundt nokre vassdrag.<br>- Aktsemdskart med skredsoner må takast inn i plankart, ikkej samsvar i dag.<br>- Område rundt valestrandsvatnet må takast inn slik det ligg føre i områderegulering. | - tatt inn aktsemdssoner der det ligg byggeområder.<br>- Valestrandsvatnet ligg utanfor planområdet, ikkje teken inn. |
| 16/8398 | Opplysningsvesenets fond | | - Friluftsområde Hosanger: naustområde bør liggje som byggjeområde naust<br>- Hosanger kyrkje: Stortområde til ny kyrkjegard. Utviding bør leggjast paralelt med prestebustaden sin orientering og med minst 15-20 m avstand til hovudhusets yttervegg.<br>- Brygge Hosanger: Bør ikkje opnast for bryggje sjølv om det ligg som naustområde.<br>- Naustområde Hamre: Område mellom naust og | - Området lagt som naust<br>- Utviding ikkje tatt inn grunna motsegn frå fylkeskommunen<br>- Ikkje tatt inn brygge.<br>- Område på Hamre er sett av til naust.<br>- På klokkarneset er det ikkje gjort endringar.<br>- Ikkje lagt inn |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | | kyrkjekaien bør setjast av til naust.<br>- Klokkarneset Hamre: Bør ikkje endrast frå gjeldande planføremål, evt bør det endrast til bustadføremål. Friområde langs strandsona.<br>- Småbåthamn Haus. rår til alternativ B. | småbåthamn i Haus. |
| 16/9066 | Bjørgvin bispedømmeråd | Syner til HFK sin merknad dagsett 18. april. Stiller seg bak vernet av kyrkjestadane og meiner at det må ver mogleg å auke gravplassarealet på Osterøy utan å utvida gravplassen på Hosanger og utan å ta p-plass og jordbruksareal i bruk ved Bruvik kyrkje. | - Utviding av gravplassen er lagt inn i planen. |
| 16/8436 | Fiskeridirektorat et | - kritisk til kraftig reduksjon av akvakulturområde<br>- planframlegget er ikkje i samsvar med kva som er nasjonale forventningar til arelaplanlegging for å sikre tilstrekkeleg areal til akvakulturnæringa.<br>- Det er ikkje sett av tilstrekkeleg areal til akvakultur<br>- føresegn § 6.11. Kommunen kan ikkje setje krav som regulerar drifta av oppdrettsanlegg<br>- Ikkje hensiktmessig å setje krav til reguleringsplan | - Tatt ut akvakulturareal som ikkej er i bruk og lagt ut færre og større områder.<br>- Kommunen kan stille krav til miljø, jf. planskildringa.<br>- Krav til reguleringsplan er endra til å gjelda nye anlegg. |
| 16/9375 | Fylkesmannen i Hordaland | Meiner det er gjort eit godt arbeid med planen. Har nokre merknadar:<br>- Tiltak i sjø i nærleik av vassdrag kan ha innverknad på sjøaure, til dømes småbåthamner. Dette bør nemnast og vurderast.<br>- Positiv til kommunen si vurdering av akvakulturområde og vurdering av konsekvensar.<br>- Område for oppankring er ikkje store nok og dette må vurderast. | - Saknar noko info om korleis dette kan ha innverknad på sjøaure. Kan ikkje sjå at dette er nemnd i litteratur som omhandlar utfordringar for anadrom fisk i sjø.<br>- Utvidar område for fortøying |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | | - Føresegn for LNF-spreidd er ikkje tilstrekkeleg for lokalisering til at tiltaka kan handsamast direkte som byggjesøknad etter PBL § 11-11, nr. 2.<br>- Ber om at kommune vurderar storleiken på flytebryggene. Rår til å redusera storleiken til maks 15m2.<br>- Er usikker på om det er heimel for føresegn 6.11 og ber om at kommunen sjølv vurderar dette...<br>-<br>- | - Nye LNF-spreidd områder er tydeleg avgrensa av føremålsgrensa. Eksisterande LNF-spreidd områder er ikkje del av rulleringa.<br>- Tatt til orientering.<br>- Kommunen meiner det er heimel for føresegn § 6.10 |
| 16/9404 | Forsvarsbygg | Har ingen interesser innan planområde. | Toppers. |
| 16/9490 | Hordaland fylkeskommune | Har fatta følgjande vedtak (kort oppsummering):<br>1. Kommunen har gjort eit grundig arbeid i å avklare overordna arealbruk.<br>2. Planen er i strid med nasjonale og regionale kulturminneverdiar når det gjeld utviding av Hosanger kyrkjegard. Knytt **motsegn** til dette punktet.<br>3. a) Generelle føresegner for omsynssoner H570 og H730 vist i saksframlegget vert tatt inn i planframlegget ved endeleg godkjenning.<br>b) Undersøkingsplikta i kulturminnelova § 9 er ikkje oppfylt.<br>c) Hosanger kyrkjestad og bygningsmiljøet i Mjøsvågen bør regulerast til ein samla omsynssone med føremål vern. | - Har tatt ut utviding av kyrkjegard Hosanger.<br>- Tatt inn føresegner og retningslinjer for omsynssonene.<br>- Undersøkingsplikta er ikkje tema på kommuneplanstadie<br>- Regulert inn samla omsynssone i Mjøsvågen<br>- Oppdrettsanlegg på Blom vert liggande etter føringar frå HFK<br>- Har utvida areal for akvakulturanlegg Litletveitholane<br>- Kommunen har kompetanse til å fremja føresegn § 6.10 |

| | | |
|---|---|---|
| | d) Ser positivt på at oppdrettsanlegg på Blom vert flytta. Utviding av område for akvakultur på Blom vil derimot verka negativt inn på kulturmiljø.<br><br>4. Akvakultur er i for liten grad ivaretatt i planframlegget. Det er knytt **<u>motsegn</u>** til følgjande punkt:<br>- Det må sikrast tilfredstillande erstatningsareal forakvakulturområde på Blom.<br>- Akvakulturområde Litletveitholane må sikrast tilstrekkeleg areal.<br>- Føresegn knytt til utslepp frå anlegg er regulert i anna lovverk og vil ikkje mogleggjer framtidig akvakulturaktivitet.<br><br>5. Særlege merknadar til akvakultur:<br>- Bør ikkje stillast krav til reguleringsplan.<br>- Nokre av dei ledige akvakulturområda bør vidareførast.<br>- Det bør takast inn ei føresegn som sikrar utlegging av fortøyingar i fleirbruksområde utanfor akvakulturområde. | - Krav til regulerignsplan er endra<br>- Har vidareført fleire ledige akvakulturareal |

| Journalpost | Avsendar | Område/gnr | Merknad | Kommentar |
|---|---|---|---|---|

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| **15/5158** | Erling Kleiveland | Kleiveland | Ønskje om at planen ser nærmare på kaiområdet og sjøstranda i Naustvika på Kleiveland som eit natur- og rekreasjonsområde.<br>Mogleg tilrettelegging:<br>1. Opprusting av kaianlegget med venteskur (kulturminne frå den tida rutebåten gjekk i Osterfjorden). Bør kople opp att straumen til venteskuret.<br>2. Legge ut bøyer med forankring slik at småbåtar kan trekkjast ut frå kaien ved overnatting.<br>3. Opparbeiding og tilrettelegging av eksisterande strandområde med sandbotn.<br>4. Sette opp benker langs traktorvegen langs Kleivelandselva. – Idyllisk turveg<br>5. Ønskjer samarbeid mellom grunneigarar, kommunen og Bergen og omland friluftsråd med tanke på vern og opprusting til frilufts- og strandområde i nordenden av Osterøy kommune. | Vurdert i planen, sjå Konsekvensutgreiing og planskildring for detaljer. |
| **15/7482** | Melinda Bernes<br>Reidar Nymark | 105/4 | Området er i dag regulert til LNF<br>Området vart tidlegare regulert gjennom reguleringsplan for Bernes Næringsområde til steinbrot og masseuttak.<br>• Området har i dag lite verdi som steinrøys.<br>• Ønskje om å rydde området for steinmassar og planere området, sette opp båtgarasje og hytte eller rorbu med moglegheit til å skilje frå.<br>• Ønskje om flytebrygge mellom naust og kai for fortøying av båtar pga vanskeleg tilkomst. | Vurdert i planen, sjå Konsekvensutgreiing og planskildring for detaljer. |
| **15/743** | Bernt Gunnar | 105/23,55 | • Området er regulert til bustad med LNF mot sjø.<br>• Bustad med naust og båtopplag. | Vurdert i planen, sjå Konsekvensutgreiing og |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| **3** | Nesheim | | • Nyleg utskilt tomt for bruk som bustad.<br>• Ønskjer moglegheit for bustadbygging på begge tomtene med moglegheit for naust på 105/55.<br>• Ønskje om å behalde dagens regulering av området som bustadområde.<br>• Ønskje om å utvida bustadområdet mot sjø pga av best mogleg plassering av bygg i terrenget.<br>• Ønskje om moglegheit for generasjonsbustad/fleire bustadar i området. | planskildring for detaljer. |
| **15/7228** | Fotlandsvåg Grendaråd<br><br>Fotlandsvåg helselag | Fotlandsvåg | Ønskje om å sjå vågen og strandlinja som ein heilskap.<br><br>Bygda treng ei felles småbåthamn. Usikkerheit knytt til dei punkta som omhandlar mogleg plassering av småbåthamna. Ønskjer at dette vert teke omsyn til i det vidare planarbeidet.<br><br>1. Hanstveitholmane: Friluftsområde som tidlegare har vert nytta som badeplass. Som fylgje av tidlegare industriutbygging har to badeplassar i Fotlandsvåg forsvunne. Grendarådet har opparbeida turstiar i nærleiken og det vil vera enkelt å knyta desse saman og gje tilkomst for almenheita, også for rullestolbrukarar. Området er idyllisk og svært godt egna til bading med naturleg badestrand og område for hopping/stuping.<br>2. Parkering i samband med badeplass: området er eigd av Osterøy kommune og ikkje regulert til bustad.<br>3. Indre del av vågen i Fotlandsvåg: Området har potensiale til å kunne utviklast og opprustast til eit innbydande og | Nytt innspel til 1. gongs offentleg ettersyn der det vert peika på at småbåthamn bør lokaliserast på alt. 1. |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | | | attraktivt område for bygdefolk og tilreisande. Ein må finne ei løysing på kaiplassproblematikken for fraktbåtar og passasjerbåtar. Ønskje om løysing for passasjerbåtar inst i vågen. Mogleg totalløysing med kai, gjestebryggje og småbåthamn – positivt høve nærleik til butikk, bensinstasjon, Fjordslottet, leikeplass, idrettsplass og turstiar. Ønskjer evt. å nytte eksisterande bygg til sanitæranlegg/servicebygg. Bør og vurdera sjøbassenganlegg.<br>4. Området mellom Fotlandsnausta og Sjøtroll: mogleg lokalisering av ny småbåthamn<br>5. Syner mogleg parkeringsløysing for småbåthamn i kart<br>6. Området nord for Lobas: mogleg lokalisering av småbåthamn.<br>7. Område eigd av Osterøy kommune i tilknyting til regulert bustadfelt: ønskjer å ivareta opparbeida badeplass, kai og flytebrygge og at område i tilknyting til dette vert tilrettelagt og at ein får gode parkeringsmoglegheiter. | |
| **15/7361** | Helge Holen<br>Ove Pedersen | 96/78,79<br>Bård Skåre | Området er regulert til næring. Har tidlegare vert nytta til mølle, fiskeoppdratt. Bukast som pumpestasjon i dag.<br>• Ønskje om å endre bruken til bustad, forretning og kontor for å utnytte tomta. Ønskjer å bygge 12 leilegheiter på 96/79. | Vurdert i planen, sjå Konsekvensutgreiing og planskildring for detaljer. |
| **15/7472** | Norlender eigedom | 88/12 | Området er regulert til næring. Brukast i dag til næring av Norlender Knitwear AS.<br>Ønskjer:<br>1. Utviding av kaiområde ved ifylling av masse i sjø til bruk for service mot reiselivsmarknaden. | Vurdert i planen, sjå Konsekvensutgreiing og planskildring for detaljer. |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | | | 2. Utviding av bygningsmasse mot vest til bruk for industribygg.<br>Ønskjer å bruke open fabrikk aktivt i merkevarebygginga. Ønskjer moglegvis å etablere seg som økomuseum.<br>Ønskjer å legge til rette for auka tilstrøyming i Hosangerområdet ved å etablere parkeringsplass for bubilar, gjestebryggje og sjå på moglegheita for enkel matservering. Ønskjer servicebygg med uttak for vatn, med toalett og dusj.<br>Omfang:<br>1. Utfylling i sjø vil gjere området tilgjengeleg frå sjøen<br>2. Utviding av bygningsmasse for å samle aktiviteten på ei høgd.<br>Uttale frå Mjøsdalen grendaråd: Mjøsdalen grendaråd støttar Norlender sine planar om å utvida kaiområdet og planane om å bruke området til service ovanfor reiselivet. | |
| **15/7358** | Hosanger helselag | 88/30, 31 | Ynskjer veg ned til strandsona og bryggje for å tilretteleggje for bebuarane ved Hosangerheimen. | Vurdert i planen, sjå Konsekvensutgreiing og planskildring for detaljer. |
| **15/6666** | Bjørn Rønhovde | 88/22 | Eksisterande naustområde – Driv aktivt fritidsfiske og forsøksfiske og registrering for fylkesmannens miljøvernavdeling. Ønskjer trygg og permanent løysing for å kunne kome på land frå båt med fisk og utstyr (flytande installasjon – vil nytta eksisterande forankring i botn/land) | Vurdert i planen, sjå Konsekvensutgreiing og planskildring for |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | | | | detaljer. |
| **15/6834** | Hosanger Grendaråd | 89/7,8,9,56 | Området har tidlegare vert nytta til naust/industritomt. Bruken i dag er gangsti/folketråkk.<br>Ønskje om å opparbeide til gangsti med universell utforming for menneske med funksjonshemming. Ønskjer å sikre ferdsel for alle i strandsona. | Vurdert i planen, sjå Konsekvensutgreiing og planskildring for detaljer. |
| **15/6930** | | 88/1,17 | Arealet er regulert til friluftsføremål. Nytta til friluftsføremål/badestrand.<br>Ønskje om å opparbeide området med:<br>• Fortøyingsboltar<br>• Teltplass/grill/bord<br>• Gangveg<br>• Fleirbruksflate<br>• Universelt utforma badeområde<br>• Badebøyer<br>• Handikaptoalett<br>• Med meir | |
| **15/6665** | Bjørn Rønhovde<br>Rita Ludvigsen | 89/8 | Ønskje om å endre arealet til innmark (hage) med tilbakeføring av kai i stein-tre som tidlegare var på området.<br>Ønskje om moglegheit for å skille ut området som tilleggsareal for 89/54,55. Lite areal til hage i dag på eiga tomt. | I planen vert det ikkje teke stilling til om noko kan definerast som innmark eller utmark. |
| **15/6664** | Håkon Mjøs | 89/8 | Ønskje om å endre arealbruken til innmark med moglegheit for tilbakeføring av kai til fiske og friluftslivaktivitetar. Arealet vart opphavleg innmark, men vart regulert om utan at grunneigar vart | I planen vert det ikkje teke stilling til om noko kan definerast som innmark eller |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | | | varsla. | utmark. |
| **15/4190** | Arve Mjøs (Heldal tomteselskap<br><br>Aksel og Kari Mjøs (Hoshovdstølen bustadfelt) | Hoshovdhamnen | Ønskjer å opne ein del av strandsona som i dag er utilgjengeleg og bratt:<br>1. Turveg langs sjøen frå Hoshovde til Heldal. Ønskjer veg langs innsida av Hoshovdhamnen.<br>2. Leggje til rette for badeplass og molo mot Heldalsholmen med parkeringsplassar<br>3. Leggja til rette for enkel bru frå molo til Heldalsholmen for å gje tilgang til ytterlegare friområde.<br>4. Båtplassar i den sona det i dag er naust og etablert forankring av båtar. 2-3 flytebrygger med utriggarar på begge sider av den nye turvegen. Ikkje kjøreveg sidan den kommunale Heldalskaien kan nyttast. Denne treng opprusting. Ønskje om gjestebrygge.<br>5. Ønskjer at planen gjer vurderinga av ras, kulturminne, og biologi slik at ikkje eventuelle tiltak vil vere for kostbare. Definera kva tiltakshavar sjølv må planleggja.<br>6. Ønskje om å justera byggegrensa til funksjonell strandsone<br>7. definera eksisterande naustmiljø som eiga arealkategori (frå LNF)<br>8. Ønskjer dialog med kommunen om mogleg økonomiske bidrag (til investeringar og drift) | Vurdert i planen, sjå Konsekvensutgreiing og planskildring for detaljer. |
| **15/6466** | Stiftinga Nesjatun | 13/159 | Ønskje om at arealet vert regulert til<br>• Friområde med tilstrekkeleg breidde til opparbeidde gangsti nær sjøen.<br>• bustadområde innanfor tursti der området høver for lågblokk/terrassebustader. | Vurdert i planen, sjå Konsekvensutgreiing og planskildring for detaljer. |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | | | Området har tidelgare vert nytta som utmark. Står eit naust på arealet. Området er solrikt og sentrumsnært. Utilgjengeleg område i dag. | |
| **15/7502** | Lonevåg båtlag | 13/53<br>(Osterøy kommune) | Området er regulert til industri/offentleg kai og brukast i dag til offentleg kai.<br>• Ønskjer å regulere området ved sidan av kommunekaien til fritidsbåthamn og ønskjer at bryggje for fritidsbåtar ved kommunekaien vert tatt inn i planen.<br>• Lonevåg båtlag har midlertidig båthamn her i dag og ønskjer dette som ein permanent løysing heller enn regulert båthamn på Barkavika<br>• Moglegheit for parkering for 5-6 bilar og gjestehamn.<br>• Ønskjer å legge til rette for 2 parallelle bryggjer med inntil 64 plassar. | Vurdering utsett til områdeplan Lonevåg |
| **15/6667** | Bjørn Rønhovde<br>Byggmontering | 10/6<br>(Lonevågen) | Areal er i dag regulert til LNF. Godkjent disp. Bruken i dag er næring og infrastruktur. Tidlegare jordbruk og fiske.<br>• Ønskje om å rette opp strandlinja med fylling i sjø.<br>• Ønskje om at området vert regulert til næring. Sette av området langs sjø innom brua som LNF<br>• Ønskje om næringsutvikling i området.<br>• Ønskje om estetisk forbetring og tilrettelegging for vidareutvikling og for ålmenta. | Vurdert i planen, sjå Konsekvensutgreiing og planskildring for detaljer. |
| **15/7359** | Bjørn Rønhovde Byggmontering | 10/6 | Området er regulert til næring og LNF.<br>• Ønskje om å nytte området til næring – landbassert | Vurdert i planen, sjå Konsekvensutgreiing og |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | | | akvakultur.<br>• Ønskje om innovasjon og å generere arbeidsplasser/matproduksjon<br>Omfang:<br>• Ny sjøfront inkludert grøntannlegg<br>• Inntaks leidning i sjø.<br>• Nybygg på land | planskildring for detaljer. |
| **15/7556** | Lonevåg Næringspark AS | 9/4,36<br>10/16 | • Ønskje om å fylle ut med steinmassar langs inngangen til Lone-elva.<br>• Bakgrunnen for ønskje er svært krevjande veg ned mot kai på baksida av den gamle fabrikkbygningen.<br>• Ein vil då få ein nokolunde rett front ved elvemunningen.<br>• Tilkomsten er i dag vanskeleg, særskilt ved snø/isdekke.<br>• Ønskje om å utvikle framtidig kai til lasting/lossing av båtar. | Vurdert i planen, sjå Konsekvensutgreiing og planskildring for detaljer. |
| **15/7435** | Hjellvik Grendalag | Raknes | Ønskje om friområdet sin er tilgjengeleg for alle, samt å legge til rette for bustadområde og naust. Sjå kart. | Deler av bustadområde går utanfor planområde og er ikkje vurdert. |
| **15/7234** | Torill Fick | 111/62 | Areal regulert til LNF.<br>Ønskje om moglegheit for å skille ut tomt og etablere naust og båtplass. Ønskjer å fylle ut i sjø. | Vurdert i planen, sjå Konsekvensutgreiing og planskildring for detaljer. |
| **14/16754** | Jon Anders Birkeland | Hjellvik, 118/120 | Område med frådelte naustetomter i eksisterande naustmiljø bør ha føremål «naust» i planen. | Vurdert i planen, sjå Konsekvensutgreiing og planskildring for detaljer. |
| **15/7434** | Hjellvik Grendalag | 118/15 | Området er brukt til friområdet. Ønskje om å behalde området som friområdet som er tilgjengeleg for ålmenta. | Vurdert i planen, sjå Konsekvensutgreiing og |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | | | | planskildring for detaljer. |
| **15/7438** | Hjellvik Grendalag | Hjellvik | Område ved sjø til bruk til badestrand, naust, friområde.<br>Ønskje å sikre område for bruk til badestrand, naust friområde. | Vurdert i planen, sjå Konsekvensutgreiing og planskildring for detaljer. |
| **15/7436** | Hjellvik Grendalag | Tepstad<br>119/3<br>120/1,5<br>m.fl | Ønskje om bustadområde og naust. Sjå kart. | Vurdert i planen, sjå Konsekvensutgreiing og planskildring for detaljer. |
| **15/7481** | Hamre Grendaråd | Hamre | Hamre:<br>• Grendarådet ønskjer at det vert lagt til rette for ei fortetting av naustmiljøet frå parken ved Hamre Kyrkje og sør-vestover.<br>• Ønskje om 2-3 naust samanhengande, men med avstand mellom gruppene for ikkje å hindre ferdsel langs stranda.<br>Klokkarneset på Hamre:<br>• Ønskje om å sette opp eit ope grendabygg med torvtak.<br>• Ønskje om å endre areal frå offentleg føremål til næring/offentleg føremål pga at bygda ikkje har område avsett til næring i dag.<br>• Ønskje om areal til framtidig hurtigbåtkal/terminal med tilkomst, samt parkeringsplass, bussterminal og ladestasjon for elbil. | Vurdert i planen, sjå Konsekvensutgreiing og planskildring for detaljer. |
| **15/307** | Reidar Flæsland | 129/13 | Ønskje om rorbuer/ naustmiljø og brygge/båtopptrekk. Storm | Vurdert i planen, sjå Konsekvensutgreiing og |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| **5** | | | har øydelagt eksisterande båtopptrekk/brygge. Kan verte eit fint naustmiljø. | planskildring for detaljer. |
| **15/6860** | Johannes Haugland<br>Per Ivar Eikeland<br>Kristin Sunndal | 54/131 | Ønskje om at vedlagt utskrift frå «Utskriftsforretning over indmark og utmark under gardsnr 54 Eikeland i Hamre herred» vert tatt med i planarbeidet. Utskrifta synar at alle bruka på Eikeland har fått tildelt tomt til å bygge naust på Dragneset. | Vurdert i planen, sjå Konsekvensutgreiing og planskildring for detaljer. |
| **15/7479** | Valestrand Grendaråd | 146/1,8<br>145/,6,36,44 | Området er regulert til LNF og framtidig akvakultur. Det har tidlegare vore fiskeoppdrett ved det gamle garveriet.<br>Området brukast i dag til friluftsliv, rekreasjon ved sjø og fiske.<br>• Det er i dag lite tilgjengeleg sjøsone sentralt på Valestrand.<br>• Ikkje mange areal som kan nyttast til badestrand/badeplass.<br>• Området Storaneset/Bastavike har relativ god tilkomst og solforhold og utsikt er meget gode.<br>• Området kan gjerast meir tilgjengeleg for mange med enkle midlar.<br>• Ønskjer å etablere badestrand i Bastevike og forlenge gangveg frå Reigstad inn i Bastevike.<br>• Om innspelet vert tatt med vidare vil grendarådet jobbe aktivt for å skaffe finansiering til opparbeiding. | Vurdert i planen, sjå Konsekvensutgreiing og planskildring for detaljer. |
| **15/214** | Haus båtlag | Haus | Forslag om å reguler inn heilstøypt betongbryggje og flytebryggje som vert lagt ut på disp. Ønskjer utviding av naustområde. | Vurdert i planen, sjå Konsekvensutgreiing og planskildring for detaljer. |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| **14/18895** | Linda Svidal | | Uttale på vegne av bebuarar i bustadfelt på Nedre Vikne. Viser til at strandsona i feltet er markert som utilgjengeleg grunna sterk helning. Ber om at strandsona som er i tilknyting til feltet vert ein del av planen, med bakgrunn i at det er ynskje om å gjera strandsona tilgjengeleg for bebuarane i feltet. | Vurdert i planen, sjå Konsekvensutgreiing og planskildring for detaljer. |
| **15/5765 (b)** | Sjøtroll Havbruk AS | 119/2,10<br>120/4,5,6,38, 39 | Område i sjø (Fiske-Fritid-Ferdsel)<br>• Ønskje om utviding av eksisterande akvakulturområde. Ønskje om å auke tal plastringar på Tepstad.<br>• Moglegvis ønskje om framtidig oppdrett av nye artar som til dømes tang og tare/blåskjel.<br>Omfang av endring:<br>• Behov for fortøyingsboltar i land (20 m djupne). Rammefortøying sjø= 200m x 600m – 12 ringar x 50 m diameter. Endring frå 5 til 12 ringar.<br>• Ønskje om areal til produksjon av Integrert Multi-Trofisk Akvakultur IMTA. | Vurdert i planen, sjå Konsekvensutgreiing og planskildring for detaljer. |
| **15/5765 (a)** | Sjøtroll Havbruk AS | 131/1-4<br>132/1 | Område i sjø (Fiske-Fritid-Ferdsel)<br>• Ønskje om utviding av eksisterande akvakulturområde. Ønskjer å endra lokaliteten frå stålanlegg til plastringar, samt å samla produksjonen på lokalitetane Hamre, Kvamme på denne lokaliteten (Angelskår).<br>• Moglegvis ønskje om framtidig oppdrett av nye artar som til dømes tang og tare/blåskjel.<br>Omfang av endring:<br>• AK-området flyttast lengre frå land enn dagens situasjon. | |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | | | Behov for fortøyingsboltar i land (20 m djupne). Rammefortøying sjø= 200m x 600m – 12 ringar x 50 m diameter.<br>• Ønskje om areal til produksjon av Integrert Multi-Trofisk Akvakultur IMTA | |
| **15/7247** | Sjøtroll Havbruk AS<br>Lerøy Vest | Lokalitet<br>18898 Skaftå<br>12156 Blom i Sørfjorden<br>67/1-6<br>149/1,2,3,4,5,10 | Ønskje om å utvide arealet på lokalitet Blom og Skaftå med bakgrunn i plan om å endra strukturen i AK lokalitetar kring Osterøy. Ønskje om færre og større lokalitetar – større avstand mellom lokalitetane.<br>• Ønskje om å nytte plastringar på diameter 50m i rammefortøying<br>• Ser det som positivt å leggje anlegget lengre inn i fjorden då det er færre hus her.<br>• Ønskjer stort område for å best mogleg kunne plassera anlegga på ein gunstig møte i høve fortøying og gjennomstrøyming utan å søkje disp.<br>• Ikkje planar om å auke produksjonen i området, men å samle produksjonen på færre lokalitetar.<br>• Generelt ønskjer ein at Osterøy ser på moglegheita for å leggja AK til fleirbruksareala FFFN i kommunedelplanen til (FFFNA). | Vurdert i planen, sjå Konsekvensutgreiing og planskildring for detaljer. |
| | | | | |
| **15/19956** | Askjell Raknes | Lammaneset/gbnr 110/23 | Ynskje om å ha naustområde på eksisterande område for naust. | Vurdert i planen, sjå Konsekvensutgreiing og planskildring for detaljer. |
| **15/20535 og** | Gunn Olaug | Hamre 129/72 | Flytebrygge i forkant av naust for i sikre tilflot. | Vurdert i planen, sjå Konsekvensutgreiing og |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| **16/10522** | Tyssebotn | | | planskildring for detaljer. |
| **16/5945** | Magnus Thunestvedt | 62/92 | Utvide eksisterande kai med 1,5 m – 8 m2 | Vurdert i planen, sjå Konsekvensutgreiing og planskildring for detaljer. |
| **16/6795** | Åshild Abbedissen | Lammaneset 110/112 | Flytebrygge for å sikre tikomst - | Vurdert i planen, sjå Konsekvensutgreiing og planskildring for detaljer. |
| **16/7032** | Johnny Jensen | Bruvik 153/124 | Vil lage kai istadenfor flytebrygge. | Vurdert i planen, sjå Konsekvensutgreiing og planskildring for detaljer. |
| **16/7165** | Erling Svenson | Fotlandsvåg | Kommunen bør sjå på delt lokalisering for småbåthamn i Fotlandsvåg. Småbåthamn på alt 1 og opplagsplass på alt 3. | Er vurdert i innspelet til grendarådet. |
| **16/7168** | Sigmund Faugstad | Bruvik - 152/107 | Brygge og flytebrygge utanfor eksisterande naust. | Vurdert i planen, sjå Konsekvensutgreiing og planskildring for detaljer. |
| **16/7243** | John Hoshovde | Hosanger 87/1 | Delar av område regulert til kontor/naust. Naustområde, næringsbygg med loftsleilighet. | Vurdert i planen, sjå Konsekvensutgreiing og planskildring for detaljer. |
| **16/7386** | Eivinn Revheim | Klyvikje 154/3 | Ynskjer å føre opp grindbygg/naust, kai og flytebryggje. Bakgrunn er utvikling av stadbunden næring og turisme. | Vurdert i planen, sjå Konsekvensutgreiing og planskildring for detaljer. |
| **16/7531** | Kjetil O. Flølo | Bruvik 154/43 | Bryggje og opptrekk rundt eksisterande naust. | Vurdert i planen, sjå Konsekvensutgreiing og |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | | | | planskildring for detaljer. |
| **16/7573** | Øystein Mo | Olsnes 154/26 | Ynskjer å byggje bod/hønsehus/grillhytte i nedre del av tomta og ber om at funksjonell strandsone/byggjegrense vert trekt ned under dette. | Vurdert i planen, sjå Konsekvensutgreiing og planskildring for detaljer. |
| **16/7928** | Reidar Flæsland | Hamre 129/13 | Utviding av naustområde og tilkomstbryggje. Kommunalt VA-anlegg på område. | Vurdert i planen, sjå Konsekvensutgreiing og planskildring for detaljer. |
| **16/7940** | Trond Vidar Faugstad | Bruvik 152/3 | Ber om at byggjegrense vert justert på nedside av hus. | Byggjegrense går på nedsida av kyrkja. |
| **16/8072** | Arne og Kjellaug Sæterdal | Bruvik 154/5 | Ynskjer fritidsbustad på tomt frådelt i 1960.<br>Ynskjer kai på utfylt område for å sikre tilflot. | Vurdert i planen, sjå Konsekvensutgreiing og planskildring for detaljer. |
| **16/8230** | Sølvi Nielsen | Hosanger | - Stør Osterøy industrilag sitt innspel i høve til fv567<br>- Oppgradering av flytebryggje innerst i Mjøsvågen kombinert med gjestebryggje og bryggje for dei som har naustrett, utvide til 10 plasser<br>- naust og flytebryggje der Osterøy industrilag vil utvide veg ved å bruke overskuddsmasser<br>- Naust i område Børo | Fv567 er ikkje ein del av planområdet. Dei andre innspela er vurdert i planen. |
| **16/8403** | Bent Arild Raknes | Raknes 110/92, 93, 117 | Peikar på kommuen si vurdering av deira innspel til planen:<br>- det er ingen friluftsaktivitet i området i dag og eigedommane er ubrukelege for frilufts/turaktivitet<br>- Privatisering: området er ikkje i bruk i dag. Regulering av området vil gje betre tilgong for ålmenta til området<br>- Dette er staden som vil gjera minst inngrep i høve til | Vurdert i planen, sjå Konsekvensutgreiing og planskildring for detaljer. |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | | | offentligheten | |
| **16/9749 og 16/8411** | Osterøy Maskin/Astra Holding AS | Hjellvik 111/9, 61, 144 og 118/15 | Ynskjer å utvikle eigedomane til bustadføremål, naust og maritimt rekreasjonsføremål.<br>- 10 naust på gbnr 118/15 og inntil 10 naust på 111/114<br>- «funksjonell strandsone» er til hinder for ei hensiktsmessig utvikling av området, ber om at denne vert endra til å liggja langs sjøkanten<br>- Nemnde eigedomar må setjast til bustadføremål | Området ligg som LNF. Er ikkje gjort endringar på føremål eller byggjegrense som ligg i gjeldande plan. |
| **16/8586** | Harald Lavik | Raknes 110/31, 37, 42, 43, 94, 102, 103, 107, 108 | Gangbru over sund. Betre tilgjenge for brukarane. | Vurdert i planen, sjå Konsekvensutgreiing og planskildring for detaljer. |
| **16/8589 og 16/8590** | Asbjørn Raknes | Raknes 110/1, 2, 4 | Friluftsområde rundt Nothusberget. Småbåthamn med bod ved Jo-hamn. | Vurdert i planen, sjå Konsekvensutgreiing og planskildring for detaljer. |
| **16/8629** | Jonnhy Vikne | Haus – 64/5, 65/24 og 25 | Ynskjer å byggje bryggje utanfor naust. Ber om at dette skal kunne gjerast utan søknad kun innmelding. | Vurdert i planen, sjå Konsekvensutgreiing og planskildring for detaljer. Planen kan ikkje frita for handsaming som ligg i plan- og bygningslova. |
| **16/8695** | Grunneigar Reigstad - Cato Stamnes | 146/1 og 8, 145/6, 145/36, 145/44, | Grunneigarane er ikkje samd i skravering for friluftsområde. Sti går på privat veg. Dyrka mark har ingenting med badeplass å gjera.Storaneset har vore nytta som badeplass. Tilkomst til badeplass har vore over 146/1. Bratt og uframkomeleg mellom Storaneset og Bastavika, må ikkje vera passasje mellom. Sti til badeplass må gå forbi Bastagarden/145/3). Reagerar på at | Vurdert i planen, sjå Konsekvensutgreiing og planskildring for detaljer. |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | | | grunneigarane ikkje har vore kontakta i saka. | |
| **16/8686** | Svein Arna Låstad | 151/33, 67 | Tilbygg til eksisterande bustad og leggja ut flytebryggje. | Vurdert i planen, sjå Konsekvensutgreiing og planskildring for detaljer. |
| **16/8822** | Lerøy/Sjøtroll | | Viser til at selskapet sin aktivitet og at den sikrar verdiskaping og arbeidsplasser. Syner til at kommunen får auka overføring ved auke i produksjon, ca 500 000,- pr 5% auke i produksjon pr løyve.<br>- kommunen må ta inn at det berre er produksjon av regnbogeaure, pkt 4.5<br>- Føresegn til Skaftå og fjerning av Blom er ikkje framtidsretta. Hindrar endring av anlegg til eit meir berekraftig produksjon. Dette hindrar overgang til plastringar og med det tiltak for å betre miljøtilhøve.<br>- Flytting av anlegg min. 300 m frå land må gjerast på bakgrunn av lokalitetsrapport.<br>- Må sjå på påstandar i kapt 4.5. Produksjon i 2015 var 9185 tonn. Fjorden delt i to soner som vekslar på produksjon.<br>- Krav om reguleringsplan er ikkje naudsynt, søknadane vert handsama etter akvakulturlova og grundig gått igjennom av sektorstyresmaktene.<br>- Fjerning av mange områder gjer at det vert vanskeleg å etablera seg her i farmtida. Selskapet vil leita etter alternative lokaliseringar i andre kommunar fordi prosess med reg plan og evt disp vert for kostnadskrevjande og tidkrevjande.<br>- Akvakulturområde Blom må utvidast i samråd søknad | Vurdert i planen, sjå Konsekvensutgreiing og planskildring for detaljer. |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | | | - Ein del av akvakulturområda som ikej er i bruk bør vidareførast.<br>- Krav om reg plan må takast ut.<br>- Krav til framtidig drift på Skaftå må takast ut.<br>- Må opnast for fortøyingar i fleirbruksområde. | |
| **16/8852** | Haus båtlag | 62/1 | Ynskjer permanent løyve til småbåthamna slik den ligg i dag. Sendt som innspel til reg plan 2007. Kommentar til kommunen si vurdering:<br>- flytebryggje og bølgjedempar er eit stort pluss for born og unge og bading i området.<br>- Bølgjedempar skjermar for bølgjer og gjer ein stille badeplass.<br>- 0-toleranse for oljesøl i båthamna.<br>- Største trafikk kvedl og helg og ikkje noko konflikt i høve til parkering.<br>- friareal vert redusert med 2 m2 der det er festepunkt i land, men vert kompensert ved flytebrygge og bølgjedempar.<br>- Er ikkje negativt for born og unge fordi det legg til rette med bryggje.<br>- Alt. A må velgast som småbåthamn. | Vurdert i planen, sjå Konsekvensutgreiing og planskildring for detaljer. |
| **16/8861** | Håkon Mjøs | 89/8/2 | Teig mellom sjø og bustad har vore slege og hesja fram til nyare tid. Dett er eigar sin mulighet til å kome til sjø. Ber om at bryggja som låg her vert teken inn i planen. Har fått veg og trafikk nærare bustad , treng ein stad som er roleg. Må leggja til rette for at folk skal bu i Hosanger, ikkje berre kommersiell turisme. Opplever at grunneigar ikkje har råderett eller uttalerett over eigen eigedom. | Vurdert i planen, sjå Konsekvensutgreiing og planskildring for detaljer. |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| **16/8862** | Bjørn Rønhovde | 89/8, 9, 56, 89/55, 22 | Bygging av ny infrastruktur i Hosanger fører til eit behov for stille områder for bustadane. Einaste friareal er området mot sjø. Vil få store konksekvenser for bebuarane dersom det vert friområde. Vil føre til trafikk av folk og ikkje mulighet for rekreasjon. Ikkej korrekt at det er ein gamal kyrkjeveg. Etter at kommunen la VA-leidning så verakar det som om det vart open gangveg for alle. Er lagt til rette for gåande langs veg og er badeområde ved kyrkja, ikkje trong for å regulera dette til friområde. | Vurdert i planen, sjå Konsekvensutgreiing og planskildring for detaljer. |
| **16/8863** | Bjørn Rønhovde | 88/22 | Er mellombels løyve til utliggar festa i land for å sikre tilkomst med båt. Naust og båt er i bruk heile året og det er trong for sikker tilkomst. Tiltaket er ikkje til sjenanse for ålmenta. | Vurdert i planen, sjå Konsekvensutgreiing og planskildring for detaljer. |
| **16/8874** | Ole Bruvik | Bruvik 152/8/1 | Utviding av kyrkjegard vil sperre for traktor slik at det ikkje vert mogleg å slå arealet. | Vurdert i planen, sjå Konsekvensutgreiing og planskildring for detaljer. |
| **16/8888** | Pål Raknes | Raknes 110 og 111/6 | Området er nytta til skogbruk. Fryktar at friluftsområde vil føre til meir folk i tunet og at det kan føre til fare for brann og skade på skog.<br>Ynskjer mulighet for å byggje opp at naust som stod på eigedomen. | Vurdert i planen, sjå Konsekvensutgreiing og planskildring for detaljer. |
| **16/8906** | Bruvik grendaråd | Bruvik 153/3 | Ber om at kommunen set av nausttomter til innbyggjarane i Bruvik.<br>Ynskje frå Bergen økologiske landsby om å byggja eit notanaust på gamle tufter. | Vurdert i planen, sjå Konsekvensutgreiing og planskildring for detaljer. |
| **16/8942** | Trond-Martin | Fotlandsvåg | Er naust i dag men ynskjer større område. Vil senka terreng rundt naust med 3-6 m. Føremålet er å sikre og forbetre inn og | Vurdert i planen, sjå |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | Balestrand Børtveit | 96/41 | utsetting av båt med eksisterande båtkran. | Konsekvensutgreiing og planskildring for detaljer. |
| **16/8943** | Arve Mjøs | Helldal 86/5 | Utviding hyttefelt på nedside av godkjend regulert hyttefelt slik at det ikkje byggjer ned strandsona. | Ligg som innspel til 1. gongs høyring. Bustad og fritidsbustad er i utgangspunktet ikkje tema i planen. |
| **16/8944** | Jon Vegard Handeland | Bernes 105/17 | Gamal kai som er rast ned. Ynskjer å byggje opp ny og større kai for å sikre tilkomst for båt. | Godkjend løyve til flytebryggje. |
| **16/9038** | Olav Hustrulid, Åge Hustrulid | Hustrulid 127/1 og 2 | Ynskjer å mure opp att pir ved felles naust på klubben. Vil ha 12 m landgang til liten flytebrygge. | Vurdert i planen, sjå Konsekvensutgreiing og planskildring for detaljer. |
| **16/9087** | Dag Bjørndal | Tyssebotn 106/11 | Bygging av naust på gamle naustmurar. | Vurdert i planen, sjå Konsekvensutgreiing og planskildring for detaljer. |
| **16/9142** | Arne og Oddny Hopsdal | 103/38 | Ynskjer å utvide eksisterande kai, forlenge denne med ca 15 m. Forlenge eksisterande flytebrygge til 12 m og justering av denne mot kai. Setje ut bølgjedemper. Lage båtopptrekk aust for eksisterande kai. | Vurdert i planen, sjå Konsekvensutgreiing og planskildring for detaljer. |
| **16/8945** | Johannes Haugland | 131/1, 2, 3, 4 | Utskiftningspapir syner at bruka på Eikeland har naustrett på Drageneset. Aktuelt for bruk 1 og 3 for å setje opp naust. Peikar på at det er sett av for stort område i plankartet. Er ikkje meininga å lage veg til nausta men nytte eksisterande gangsti. Er mogleg å planera ut i strandsona utan negative landskapseffekt. Meiner at | Området er redusert i nytt planframlegg. Er vurdert på nytt i planen. |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | | | tiltaket kan gjennomførast utan at det vert for store landskapsinngrep. Ber om at kommunen ser på tiltaket ein gong til. | |
| **16/9001** | Trond Engstrom | Fotlandsvåg 96/5 | Ynskjer flytebryggje framfor eksisterande kai for å betra tilflot. Ynskjer å byggje opp att gamal kai. Ber om at del av saltverket vert merka som badeplass slik det var tidlegare. | Vurdert i planen, sjå Konsekvensutgreiing og planskildring for detaljer. |
| **16/9004** | Hamre grendaråd | | Føreslår nytt areal til gravplass. Naustområde vest for kyrkjekaien. Parkeringsområde og aktivitetspark ved Hamre grendaskule. Oppgradering av Hamre prestekai. Ope granidabrygg med grill på Klokkarneset. Område på Klokkarneset til næring/off føremål, framtidig hurtigbåtterminal og tilhøyrande infrastruktur.<br>Er i mot at område for akvakultur Tepstad og Angelskår vert utvida. | Vurdert i planen, sjå Konsekvensutgreiing og planskildring for detaljer. |
| **16/8980** | Ole Christian Nesheim | Bernes 105/13 | Ynskjer naust. | Vurdert i planen, sjå Konsekvensutgreiing og planskildring for detaljer. |
| **16/8983** | Laila Vatne m fl | Bernes 105/1, 2, 3, 5, 13 | Ynskje om å etablera campingplass. Hytteområde, oppstillingsplass for bubil, campingvogn, tursti, kiosk, badeplass, servicesenter, naust med båtutleige, rorbuer. | Vurdert i planen, sjå Konsekvensutgreiing og planskildring for detaljer. |
| **16/8988** | Tysse grendaråd | Tyssebotn | Syner til ynskje om å leggja ut flytebryggje ved gjestekai – Tysse. | Vurdert i planen, sjå Konsekvensutgreiing og planskildring for detaljer. |
| **16/9055** | Fotlandsvåg båtlag | Fotlandsvåg | Meiner at ny småbåthamn må liggje innerst i vågen (alt 1). Syner til at det er mindre vèrutsett her. Maritim miljø gjer eit triveligare sentrumsmiljø. | Vurdert i planen, sjå Konsekvensutgreiing og planskildring for detaljer. |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | | | Kai for større passasjersbåt plasserast lengst mot nord i planlagd båthamn.<br><br>Alt 1 vil vera vesentleg mindre kostbart enn alt 3.<br><br>Gangavstand til sentrum og gjestehamn.<br><br>Ikkje trong for båtopplag i umiddelbart.<br><br>Kan opparbeida p-plasser , treng ikkje meir enn 10 plasser.<br><br>Småbåthamn lik alt 1 er positivt for Fotlandsvåg. Etablering av gjestehamn i Fotlandsvåg positivt for området. | |
| **16/9057** | Ingunn og Roald Berg-Nilsen | Hamre 129/65 | Ynskjer at eigedom 129/65 skal ha grense til sjå. Ynskjer seg naustområde til sjø og å kjøpe og dele frå eigedom mellom sjø og bustad slik at det vert ein eigedom. Peikar på at delar av huset er LNFområde og at dette ikkje er ynskjeleg. | Vurdert i planen, sjå Konsekvensutgreiing og planskildring for detaljer. |
| **16/9058** | Fotlandsvåg grendalag | | Syner til innspel sendt inn 17.02.15.<br><br>Peikar på at det kan etablerast større kai ved Fotlandsnausta for å sikre tilkomst for større båtar med småbåthamn innanfor. Syner til at lokalisering av småbåthamn:<br><br>- Sentrumsnært område.<br>- Småbåthamn og strandpromenade vil vera ei visuell oppgradering av område.<br>- Lagringsplass for båt kan lokaliserast andre stader.<br>- Alt 3 vil krevje store investeringar og er lite egna for mindre båtar vinterstid.<br>- samlokalisering av småbåthamn og gjestehamn gjer at ein kan nytte straum og vatn felles, gevinst økonomisk og samfunnsøkonomisk. | Vurdert i planen, sjå Konsekvensutgreiing og planskildring for detaljer. |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | | | - Røynsle frå andre stader er at det er positivt å lokalisera småbåthamn nært sentrum.<br>- God løysing trafikkmessig. Sikker tilkomst langs strandpromenade. God p dekning ved skulen og ny p-plass. | |
| **16/9067** | Multiconsult for Bjørn Rønhovde | Kårvika | Innspel til landbasert akvakultur. Kommentar på kommunen si utgreiing:<br><br>Naturmangfald og forureining: *Peikar på at det må gjennomførast naudsynte kartleggingar og gjennomføra tialtak for å unngå spreiing av forureina sediment*.<br><br>Infrastruktur: *Kan etalberast gangveg i strandsona forbi anlegget, opnar for tilkomst til strandsona.*<br><br>Utsprenging og planering: *Arealet ligg i forlenginga av eit allereie opparbeida næringsområde.*<br><br>Underdimensjonert veg for store køyretøy: *Eksisterande veg er definert Bk10 som tilsvarer bil med 10 t akseltrykk*.<br><br>Endrast vassgjennomstrøyming og negativ påverknad av lokal naturtype: *Dette må utgreiast i vidare planarbeid*.<br><br>Utfylling kan føre til endring av botnsediment og resedimentering: *Utgreiast i seinare planarbeid.*<br><br>Utfylling kan føre til spreiing av forureining: *Må utgreiast vidare i planarbeidet. jf. arbeid i Puddefjorden.*<br><br>Peikar på at at negativ klonsekvens av utfylling er lite utgreia i KU. Anlegg som er basert på Grøne løyver vil ha minimal påverknad på vassdraget.<br><br>Ber om at kommunen sin konklusjon vert vurdert på nytt. | Vurdert i planen, sjå Konsekvensutgreiing og planskildring for detaljer. |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| **16/9073** | Morten Fotland | Fotlandsvåg 96/90 og 27 | Ynskjer å byggje naust tilgrensande eksisterande. | Vurdert i planen, sjå Konsekvensutgreiing og planskildring for detaljer. |
| **16/8968** | Vestlandshus Mjelde og stiftinga Nesjatun | Lonevåg 13/157, 158, 159 | Ber om at byggjegrensa vert vurdert endra slik at det kan etablerast lavblokker. Etableringa av gangsti langs sjø og badeområde ved naust. | Vurdert i planen, sjå Konsekvensutgreiing og planskildring for detaljer. |
| **16/8969** | Arna Fossmark | Hjellvik 118/128 | Ber om at heile eigedomen vert regulert til naust. Vil fjerna steinur etter fv veg utbygging for å lagre båt. Er eksisterande naust. Ynskjer to nye naust og lengre kai. Stort nothus til stor mahognibåt. Grindabygg ca 7 x 10 m, mønehøgde 6 m. Kai inntil 10 m og totalt areal ca 30 m2.<br>Kai mot nord tilknytt eksistetrande kai. Byggast mot eksisterande svaberg. 18 m lang og ca 3,7 m brei, totalt areal 66 m2. | Vurdert i planen, sjå Konsekvensutgreiing og planskildring for detaljer. |
| **16/9096** | Eirik Eikeland | Hamre 129/28 | Ynskjer avsett tomta som naustområde. | Vurdert i planen, sjå Konsekvensutgreiing og planskildring for detaljer. |
| **16/9099** | Lonevåg båtlag | Lonevåg | Viser til at i gjeldande reguleringplan er ny småbåthamn innregulert i Barkavika. Lyktaneset er velegna til friluftsføremål. Trengs infrastuktur og tilrettelegging. Ber om kommunal medverknad til dette og at området vert lagt inn i planen som båthamn og friluftsområde. | Vurdert i planen, sjå Konsekvensutgreiing og planskildring for detaljer. |
| **16/9033** | Jon Vegard | 105/17 | Ynskjer å byggje opp att gamal kai og utvide denne litt, for å | Vurdert i planen, sjå |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | Handeland | | tilpasse til større båt. | Konsekvensutgreiing og planskildring for detaljer. |
| **16/9181** | Paul Aage Aasheim | | Føreslege friluftsområde på Reigstad bør utvidast slik at det vert eit samanhengande friluftsområde frå Tingstadneset i nord til Endregården i sør fordi det er spesielle kvalitetar i høve til kulturmiljø. Bør opparbeidast kyststi.<br>Nokre områder i områdeplanen bør leggast inn i sjø- og strandsoneplanen slik at det vert ein heilskapaleg planlegging. Dette gjeld område sørvest i områdeplanen.<br>Føremål «kontor» i Karlagarveriet kan vera utfordrande i høve til HMS.<br>Samanhengande friluftsområde med kyststi kan binda saman historiske og friluftsområde.<br>Syner til konkrete lokaliseringar av viktige kulturhistoriske minnesmerke:<br>- Tingstadneset<br>- Karlagarveriet<br>- Jofjæra<br>- Storaneset ogVågsneset | Vurdert i planen, sjå Konsekvensutgreiing og planskildring for detaljer. |
| **16/9749 og 16/8411** | Osterøy maskin | 118/15, 111/144, 118/85 og 72 | Detaljering av tidlegare innspel.<br>118/15 – Naustområde og maritimt rekreasjonsområde til sjø. Byggjast bustadar over skrent ned mot sjø. Funkjonell strandsone bør flyttast på nedsida av dette.<br>111/144 – «Funksjonell strandsone» må justerast ned til sjøkanten. Planar om å regulera inn naust og bustadar på området.<br>118/85 – løyve til flytebrygge og utfylling i sjø (planutval 23.09.16, | Vurdert i planen, sjå Konsekvensutgreiing og planskildring for detaljer. |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | | | sak nr 101/15), er ynskje om at dette vert lagt inn i planen. | |
| **16/10946** | Trond Engstrom | Fotlandsvåg 96/5 | Utlegging av flytebryggje framfor eksisterande kai.<br>Restaurera kai.<br>Gamal badeplass på Saltverket. Bør vurderast om det kan tryggast og sikrast som badeplass. | |
| **Merknadar som ikkje er knytt til arealinnspel** | | | | |
| **15/3003** | Knut Vasstrand | Haus - Mjeldevågen | Positiv til strandsone grense rundt Mjeldevågen.<br>Vatnet har potensiale til friluftsliv og rekreasjon og fisk (sjøørret) ikkje berre grønstruktur og ender. Dette må inn i planen.<br>Vatnet hadde strender og vart eit populært badested frå mai til oktober. Skøytestad vinterstid. Har vore påverka av kloakk og næringsstoffa frå jordbruket. Dette har ført til auke algeproduksjon. Tiltak for å reinske opp. | Er avsett friområde i reguleringsplan for Haus på land og sjø. Konkrete tiltak for å reinkse opp vert ikkje tatt opp i denne planen. |
| **15/4042** | Liv Elin Nordvik | Kleppsvågen | Merking av ei grunne inne i Kleppsvågen – flott område for bading om sommaren | Tek ikkje stilling til merking av grunner i denne planen. |
| **15/5013** | Museumssenteret i Hordaland | Havrå kulturmiljø | Havrå kulturmiljø (freda etter §20 **i** Kulturminnelova i 1998) har eit oppdrettsanlegg tett på seg. Visuelt er det svært skjemmande, og er dermed ei visuell forsøpling av kulturminne Havrå. Ønskje om å flytte oppdrettsanlegget så langt vekk at det ikkje vert synleg frå Havrå (med bakgrunn i kml §5.3.2.2 Forbod mot visuelle inngrep). | Planen tek berre stilling til framtidig bruk og kan ikkje regulera eksisterande anlegg. |
| **15/663** | Bebuarar | Sjøtroll | Ønskjer ikkje at søknaden til Sjøtroll vert innvilga blant anna på grunn | Teken til vitande. |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| **7** | Angleskår og Eikeland | oppdrettsanlegg Angleskår | av rømming, sjukdom, dyrevelferd, støy og forureining. Auka AK-område kan vere til hinder for ferdsel i fjorden. | |
| **15/6858** | Johannes Haugland<br>Per Ivar Eikeland<br>Kristin Sunndal | Akvakultur-område Angelskår | Viser til søknad frå Lerøy/sjøtroll om utviding av AK område for lokalitet Angelskår og auke i produksjon frå 2340 tonn til 4680 tonn.<br>• Søknaden bør innehalda eigedomsgrensar.<br>• Planar for integrert Multi-Trofisk Akvakultur anlegg bør visast med plan for utforming.<br>• Sjøtroll får areal frå ålmenta så det må stillast krav.<br>• Slik forslaget er lagt fram kan grunneigarar verte avskorne frå tilkomst til eiga strand, samt frå moglegheita for fiske pga ankerliner.<br>• Ønskjer ikkje at søknaden vert innvilga.<br>• Problem med sjukdom og lakselus må løysast før det kan gjevast løyve til slike store konsentrasjonar. | Teken til vitande. |
| **15/6870** | Anne-Britt Bjerk<br>Gunnar Skjold<br>Odd Roar Aalborg<br>Odd Roar | 86/7<br>85/16<br>85/11 | • Ønskje om at eigedomane vert avsett til privat bruk, ikkje utmarksarealer som kan brukas fritt til allmenn ferdsel (LNF).<br>• Kjørevegen fram til eigedomane 85/11, 85/16 med fleir er berre til bruk for veglagets medlemmar og deira besøkande.<br>• Ønskje om at tomtene vert regulert til bustad ikkje LNF ettersom området nærmast blir urbanisert i sommarhalvåret.<br>- Sjønær moltemyr ved Sauvikneset bør vernast mot anna bruk, blant anna turveg frå det kommande nærliggande hyttefeltet.<br>- Oterhulen ved Lonevågen bør vernast. Svært interessante geologiske formasjonen med stupbratte klippevegger, eiget indre basseng, flott vegetasjon og fleire vakre utsyn over fjordarmen.<br>- (Mogleg feil i namn i kart) | Tek i planen ikkje stilling til vern av natur eller geologi. I hovudsak er det ikkje tema i planen å gjera om områder til bustad/fritidsbustad. Dette kan verta tema i kommuneplanen sin arealdel. |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | Aalborg | | | |
| **15/7248** | Bebuarar på Angelskår/eikeland | Angelskår og Eikeland | Er imot utviding av Sjøtroll sitt oppdrettsanlegg i området. | Teken til vitande. |
| **15/7256** | Jojac AS | 95/5,6,7,19 | Regulert til næring. Brukt til næring (Saltverket) og bustader er under rehabilitering for utleige<br>• Ønskje om å justere strandsona<br>• Ser området som særleg attraktivt for SMB-verksemder<br>• Ved ei utvikling av området både til næring og til rekreasjon er vi opptatt at de areala som vender seg til sjøen vert sikra til friluftsføremål, mens areala lengre opp vert sett av til utvikling. Det må vidare leggast til rette for god tilkomst til friluftsområdet. Terrenget ca opp til kote 15 skrår og vender seg mot fjorden over det flater terrenget av innover og ligger til rette for en arealbruk som retter seg mot land og vegnettet. Vi foreslår derfor at grensa mellom næringsområde og friluftsområde (funksjonell strandsone) vert sett langs kote 15 og justert lokalt der det er hensiktsmessig i forbindelse med framtidig planlegging (Blå linje på kartutsnittet, lagt ved). | Alt areal er sett av til næring. Detaljer må avklarast i reguleringsplan. |
| **15/7473** | Hamre Grendaråd | Akvakulturlokalitetar – Angelskår og Teppstad | Viser til søknad av 16.12.2014 frå Lerøy/Sjøtroll om utviding av akvakulturlokalitetane Angelskår og Teppstad.<br>• Hamre grendaråd er imot at Lerøy/Sjøtroll får utvida AK område slik det er søkt om.<br>• Dei omsøkte utvidinga vil føre til store anlegg på område som dei får gratis av fellesskapet.<br>• Grunneigarar langs stranda vil miste tilkomst til eiga grunn.<br>• Oppdrettsnæringa har vore i stor vekst dei seinare åra og | Teken til vitande. |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | | | kontrollorgana har ikkje tilfredsstillande kontroll.<br>• Usikkerheit kring forsøka med IMTA<br>• Ønskjer å behalde Hamreflue som i uminnelege tider har vore ein god fiskeplass | |
| **15/6665** | Bebuarar ved Angelskår | Angelskår og Eikeland | Er imot utviding av Sjøtroll sitt oppdrettsanlegg i området. | Teken til vitande. |
| **15/7437** | Hjellvik Grendalag | Hjellvik<br>118/2,5 | Ønskje om utviding av eksisterande bustadområde. | Utanfor planområdet og er ikkje vurdert. |
| **16/9002** | Lerøy Fossen AS | | Kjøper alle råvarer frå Lerøy og Sjøtroll sine anlegg. Viktig at desse har same rammevilkår som resten av næringa og ikkje får ein dyrare og redusert produksjon i fjordane rundt Osterøy. Vilkåra sett i planen kan få direkte ringverknadar for LF sin produksjon. Er uroa over at dette vil redusera mengden tilgjengeleg råstoff over tid. Ber om at kommunen ser på samfunnsnytten av å ha eit sterkt og godt LF i kommunen. Ber om at det vert gjort følgjande endringar:<br>- Må oppretthalde Blom og leggje inn utviding.<br>- Rekkjefølgjekrav på Skaftå må takast vekk.<br>- Ikkje plankrav.<br>- Bør vidareførast nokre av Ak-områda som ikkje er i bruk i dag. | Teken til vitande. |
| **16/9003** | Tombregruppen | | Området Litletveitholane må vidareførast i tråd med selskapet sitt behov. Området vera stort nok til at selskapet kan auke sin produksjon. Plankrav må takast ut. | Teken til vitande. |

| | | | |
|---|---|---|---|
| **14/188 89** | Odd Roar Aalborg | 1. Viser til manglande namn og feil plassering av namn<br>2. Konflikt mellom privat og allmenn bruk av strandsona bør unngås. Eksisterande bebygde areal bør avmerkast som disponert til privat bruk. Framtidige byggjegrenser bør ikkje leggast inn til fasade på hus på sjøsida. Bebygde tomter treng ikkje byggeforbodssone mot sjø.<br>3. Arealbehov langs strandsona for byggefelt på Heldal og Hoshovde må sikrast i planen. Tilgang til sjø for båtplass, bading og friluftsliv må leggast inn i planen for Heldal hyttefelt og Hoshovdestølen bustadfelt. Hoshovdes strandsone og Heldalsholmen bør bevarast, saman med dei eksisterande naustgruppene.<br>4. Skogssona langs austsida av Sauvika bør bevarast.<br>5. Lokalitet for fiskeoppdrett nær Krossneset bør fjernast.<br>6. Ulik fauna i området, som til dømes kattugle, hauk, havørn, svane, gråhegre, hjort, ekron, mink, mår, rev og oter.<br>7. Landskapsformasjoner ved Lonevågen bør varig vernast. | 1. Tatt til orientering.<br>2. Friluftsloven regulerar kva område som er opne for fri ferdsel. Kommunen vil ikkje i planen setje restriksjonar på område som i utgangspunktet er opne for fri ferdsel.<br>3. Vurderingar av båtplass og badeområde med meir vil verta vurdert i planen.<br>4. Vil verta vurdert.<br>5. Lokalisering av akvakulturområde er tema i planen og vil verta vurdert.<br>6. Tatt til orientering.<br>7. Område med viktige landskapskvaliteta r skal ivaretakast i planen. |

| | | | |
|---|---|---|---|
| **16/8860** | Lars Vevle | - Positivt at det er lagt inn miljøkrav til oppdrettsanlegg<br>- Må stillast miljøkrav til samtlege anlegg<br>- Bør ikkje gjevast løyve til auke i areal til akvakultur.<br>- flytting av anlegg må vera basert på grundig. risikovurdering. | Teken til vitande. |
| **16/9037** | Åge Hustrulid | Merknad til oppdrettsanlegg Tepstad. Ligg gamle laksenotrettar for gardane i Sandalen, lokalisert innom Sandalsneset. Gardane i Hustrulid har laksenotrett på Klubbatrynet. Vil vera konflikt slik skravert område for akvakultur ligg i kartet i dag. | Planen tek ikkje stilling til private rettar. |
| **16/8947** | Lonevåg sportsfiskarlag | Viser til laget sitt arbeid med forvaltning av Loneelva og tilrettelegging av denne som ei attraktiv fiskeelv etter laksefisk. Opplever nedgong i talet på fisk i takt med auke i oppdrettsverksemd. Viser til at det burde vera gode tilhøve for laks med mindre beskatning og god vasskvalitet men at det i dag er oppdrett som er trugsmål. Peikar på at lakselus og spreiing av sjukdom som trugsmål, og at auka medisin og kjemikaliebruk er negativt for maritimt liv.<br><br>Peikar på at laksesmolten passerar rett forbi oppdrettsanlegg og påslag av lakselus. Elvemusling avhengig av laksesmolt for å sikre oveleving av arten i Loneelva.<br><br>Fremjar innsigelse til utviding av Angelskår og Tepstad med auka MTB på bakgrunn av auka smittepress for lakselus.<br><br>Ber om at kommunen jobbar aktivt for å påverka sentrale styresmakter og oppdrettsaktørar for å sifte til lukka | Teken til vitande. |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | | merdteknologi.<br><br>Oppmodar om at kommunen har ein framtidsretta akvakulturpolitikk som sikrar vasskvalitet, laks og sjøaurebestandane og sikrar ei berekraftig oppdrettsverksemd. | |
| **16/8938** | Bebuarar og grunneigarar på Angelskår og Eikeland | Peikar på ulempene med å ha oppdrettsanlegg lokalisert i nærleiken i høve til fritidsbruk, utslepp, støy, lys, hinder for båttrafikk mm. Ankringsområde må flyttast ut frå land 150 til 200 m slik at strandsone kan nyttast av alle. Er i mot eit fleirbruksområde til tang, tare, skjell, algeproduksjon. | Teken til vitande. |
| **16/9010** | Sjømatnorge | Viser til at Osterøy kommune er ein viktig havbruksnæring og at over 200 personar er direkte tilsett innan næringa og at det samla er 400 arbeidsplasser knytt til havbruksnæringa. Det er gjennom havbruksfondet lagt til rette for at staten i framtida vil overføre 80% av inntektene frå sal av nye oppdrettsløyve til kommunane.<br><br>Arealplanen må legjge til rete for framitdig utvikling av næringa. Hensiktsmessig areal må ikkje takast ut av planen. Å leggja ned Blom vert oppfatta som eit signal om å byggje ned næringa. Ber om at denne lokaliteten vert vidareført. Føreslege redusksjon av Litletveitholane, ber om at dette vert endra slik at det er mogleg med framtidig drift.<br><br>Krav om reguleringsplan er unødvendig dobbeltarbeid, bør kunne løysast gjennom kommuneplan. Plankrav må takast ut.<br><br>Krav til drift vert ivaretatt gjennom mange ulike lovverk. Kommunen har ikkje høve til å stille krav som ligg under andre forvaltningsorgan sitt ansvarsområde. Rekkefølgjekrav må takast ut av planen. | Teken til vitande. |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| **16/9056** | Ragna Thunestvedt | | Ikkje noko god løysing å lokalisera småbåthamn i Hausvika. Hausvik er verneverdig område. Heilskapleg miljø og ei småbåthamn innerst i vika vil ikkje passe inn i eit slikt miljø. Har heller ikkje rom for fasilitetar som det er trong for.Betre løysing å nytte eksisterande småbåthamn. | Lokalisering av småbåthamn er teken ut av planen. |
| **16/9067** | Fiskarlaget Vest | | Viser til at det er kommunen sitt ansvar å ta vare på fiskebruksområde for lokale fiskarar.<br><br>Viktig å oppretthalde trålområde. Er skeptisk til å leggje oppdrett nær reketrålfelt, hummarplassar med meir pga av det vert nytta kitinhemmande stoff som lusemiddel ved desse.<br><br>Ser positivt på at område for akvakultur vert avgrensa. Utviding av område ved Tepstad, Angelskår og Skaftåvik kjem i utgangspunktet i konflikt med fiskeriinteressene.<br><br>Store delar av fjordsystemet er gyteområde for torsk. Tiltak som kan ha innverknad på gyteområde må utførast utanom gytetid.<br><br>Område for passiv reiskap som ikkje er teken inn i kartet er:<br><br>- Bernes (Lange, sei, lyr)<br>- Hosanger (Lange, sei, lyr)<br>- Hamre (lange, sei, lyr, kveite)<br>- Valestrandsfossen – Votlo (lange)<br><br>I nye småbåthamner må fortøyingar og forureining avgrensast. | Teken til vitande. |
| **16/9069** | Johannes Fotland | Fotland 96/95 | Peikar på at det er vesentlege manglar i fakta i planen, spesielt mtp kulturminner, og Ku må reviderast. Småbåtahmn bør leggast i alt 3 | Teken til vitande. |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | | | og gjestehamn i alt 1, inne i vågen.<br><br>Eksisterande sjøfront inst i Fotlandsvåg utgjer eit viktig kulturminne, med møllekai, kommunekai, naustmiljø og direktørbustad.<br><br>Er ikkje sagt noko i føresegnen om kva rettar som gjeld eksisterande bygningar.<br><br>Flytting av front på kommunekai vil føre til at grunneigar vil miste tilflot til naust og båtfeste framom kai. Vert tørt land framfor eiga sjølinje.<br><br>Planen bør vise faktisk arealbruk og eksisterande bustad/fritidsbustad må visast som dette.<br><br>Må takast inn i føresegner at det ikkje skal gjerast inngrep i strandlinja frå Møllefossen til og med kommunekaien. Indre bassenget bør visast som omsynssone bevaring kulturmiljø. | |
| **16/9070** | Trygve og Silje Tønnesen | Haus | Viser til at innsendrar har skrive til kommunen og ikkje fått svar.<br><br>Rettar innsigelse til tenkt båthamn i Hausvika fordi dette vil hindre deira fartøy tilkomst til kai i Haus. Småbåthamn vil medføre auka trafikk og parkering på private områder rundt ferjekaien. Lokalisering av småbåthamn med forankringer vil medføre hinder for næringsverksemd gjennom å vanskeleggjera tilkomst for store fartøy til kaiområde. Peikar på at dagens marina er godt plassert ogt har mulighet for utviding. | Lokalisering av småbåthamn vert teken ut av planen. |
| **16/9018** | Magne Harkestad | | Uklart om punkt 2.53 og 2.54 skal lesast i samanheng. Bør kunne opnast for flytebrygge for enkeltnaust. | Er opna for flytebrygge til enkeltnaust på vilkår, jf. |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | | | føresegner. |